

Bakgrunnsmateriale til *Helg* av Torvald Sund

**Trøndelag Teater i samarbeid med Teateret Vårt i Molde og
Nord-Trøndelag Teater**

Premiere 24. August 2011 i Teaterkjelleren

Intro: Helg

For fyrste gong i historia samarbeider dei tre største teatra i Midt-Noreg. Trøndelag Teater Nord-Trøndelag og Teateret Vårt i Molde. Dei tre teatra har gått saman om produksjonen av *Helg*, som etter premiera på Trøndelag Teater skal turnere i alle tre fylka. Vi er stolte av å presentere ei nyskreve tekst av Torvald Sund. Ei tekst som fortel ei gripande historie sett til kystmiljøet på 60-talet, då silda, den klart viktigaste kjelda til inntekt og arbeid var ved å forsvinne. Situasjonen til karakterane i stykket har klare parallellear til korleis vi om nokre år kan komme til å ha det når olja tek til å forsvinne. Det fants ei tid då mange nordmenn var avhengige av silda. Og for dei blei det eit hardt slag då ho forsvann.

Handlinga

Helg av Torvald Sund er på set og vis eit langt tilbakeblikk. Margit ser tilbake på ei helg i 1967. Mannen hennar Bjørn, er notbas på sildesurparen Stjørnfjell. Plutseleg får han ei uventa frihelg heime. Helga kjem brått på for Margit. Ho er i gang med ei krevjande NKS kurs. Ho trur ikkje silda vil vare evig og tek kurset for å bli lærar og så ho kan spe på inntekta. Bjørn på si side har ikkje eingong tenkt tanken om at silda kan bli borte for godt. Han meiner han kjem til å finne silda og han skjønar ikkje kvifor Margit vil ta utdanning og komme i arbeid.

Margit og Bjørn har guten Benjamin saman og for fleire år sida hadde dei også ei lita jente. Ho døydde av hjernehinnebetennelse ein vinter då Bjørn var på sjøen og Margit var heime aleine. Benjamin blei født kort tid seinare. Han er ein gut Margit vil kjempe for heile livet, som ho sjølv seier. Nå har Benjamin blitt tenåring, og ein dyktig skiløpar. Han trenar støtt. Sjølv når faren er heime på eit kort helgesesök, prioriterar Benjamin trening framfor familien. Bjørn syns ikkje vidare om all treninga til sonen, men klarar ikkje å gjere noko med det. Når han endeleg har anledning til å snakke med sonen, så stokkar alt seg for ham. Margit ser korleis dei to sklir frå kvarandre, og det gjer ho fortvila.

Trenaren til Benjamin har eit dårleg rykte på seg. Det seiast han er glad i guitar og at han brukar mistenkeleg mykje tid saman med ungdommen. Margit meiner at Benjamin har utvikla seg godt saman med trenaren, men Bjørn er usamd. Han blir frå seg når han høyrer at Benjamin trenar saman med ein ”rompis”.

Når Benjamin kjem heim søndag kveld for å seie farvel til far sin, renn det over for Bjørn. Noko frå fortida heimsøker han. Han går laus på Benjamin. Margit, som allereie har mista eit born, klarar til slutt å stanse Bjørn.

Den siste hendinga i stykket er at Bjørn tar sitt eige liv ved å hoppe i havet.

Torvald Sund

Sund er oppvaksen i Nord-Trøndelag og bur der framleis. Han debuterte i 1979 med diktsamlinga *Dugnadstid*. Forfattarskapen til Sund ber preg av tilknytinga til trøndelagskysten.

Sund er for nokon mest kjend som forfattar av bøker for barn- og ungdom. Han har i alt skreve 24 barnebøker. Mest kjend er dei to om onkel Oskar. I 1997 blei det til og med laga film av bøkene om onkel Oskar. Sund har dessutan skreve dikt, noveller og fire romanar for vaksne. Dei siste åra har Sund skreve fleire dramatiske tekstar, blant anna *Takordi - En sjømanns forteljing* ein monolog som blei framførd på Trøndelag Teater i 2006. Også i denne framsyninga var Hallbjørn Rønning skodespelar.

Sund har motteke fleire prisar og utmerkingar, særleg for sitt arbeide med å fremje barnelitteratur og nynorsk litteratur.

Henning Sommerro

Sommerro (1952) er komponist og musikar. Han er i likskap med Sund knytta til Trøndelag og særleg Trondheim gjennom si utdanning og gjennom si tid som musikalsk leiar på Trøndelag Teater. Sommerro har skreve musikk til over hundre høyrespel, filmar og teaterstykke og han har motteke spellemannsprisen tre gonger. Sommerro er tilsett som førsteamanuensis ved NTNU.

Silda som forsvann

Historia om det norske sildefisket er ei historie om overleving, storm, is, hunger, kulde og død. Men det er òg ei historie om makt, pengar og overmot.

Silda har alltid vore viktig for Noreg. I delar av landet har ho til og med vore livsviktig. Heilt sida norrøn tid har norske fiskarar reist på sildefiske i havområda utanfor norskekysten. Silda ga næringsgrunnlag for kystbefolkinga og svekka effekten av økonomiske krisar. Etter kvart ga ho til og med meir enn tryggleik; silda var noko av det som danna føresetnad for noko av rikdommen til landet vårt.

Mot slutten av 1800-tallet var de tradisjonelle norske sildebankane nesten tømt, og dei norske fiskarane måtte dra til bankane utanfor Island for å finne sild. I 1881 dreiv om lag 1800 norske fiskarar på 187 båtar sildefiske ved Island. Dei hadde med seg 167 000 tønner med saltsild heim til Noreg. Silda tok dei inne i fjordane, med såkalla landnøter. Men tenk om ein kunne ha tatt de store fiskestimapene ute på opent hav! Det hadde vore noko!

På byrjinga av 1900-tallet kom eit amerikansk reiskap på marknaden som svarte til dei norske sildefiskaranes behov: snurpenota. Snurpenota skilte seg frå ei landnot ved at den hadde store jernringar på undersida av grunntauet. Eit tykt tau blei dratt gjennom ringane, og dermed kunne ein snurpe heile nota saman til en gedigen ”sekk”. No kunne ein fange enorme sildestimar på opent hav. Og tidspunktet kunne ikkje ha vore betre – sildestimar langs land var allereie i ferd med å bli eit sjeldan syn. I 1907 var 25 norske fartøy utanfor Island utstyrt med snurpenot.

Eit snurpenotbruk besto av eit moderfartøy (ein snurpar) to doryar og ein lettbåt. Det var to sjefar om bord på eit notlag; den eine var kaptein, og den andre var notbasen. Av desse to var det notbasen som hadde høgast status. Det var notbasen som bestemte kor snurparen skulle dra for å finne sild. Han satt inne med mykje kunnskap. Ein god notbas var verd sin vekt i gull. Doryanes oppgåve var å gå rundt sildestimen med kvar sin ende av nota og snurpe nota saman til ein sekk.

Denne nye og effektive måten å fiske på gjorde at fangsten økte betrakteleg. 50-tallet var gullalder i norsk sildefiske. Enkelte år blei det tatt opp over en million tonn, både med not og garn. Men silda er som veret: flyktig. Og på slutten av 60-tallet var det plutselig slutt. Dette førte med seg enorme forandringar for kystbefolkinga, som no måtte omstille seg på rekordtid. Fiskarane måtte finne seg nytt arbeid, og i løpet av nokre få år hadde all den liv og røre som høyrde med sildefisket langs kysten stilna.

Det er denne brytingstida notbasen Bjørn og kona Margit står midt oppi.

Eit historisk samarbeid

For fyrste gong i historia samarbeider dei tre største teatra i Midt-Noreg. Nord-Trøndelag, Teateret Vårt i Molde og Trøndelag Teater har gått saman om produksjonen av *Helg*, som etter premiera på Trøndelag Teater skal turnere i heile området. Noko av årsaka til samarbeidet er at tematikken i stykket har vore med på å sette sitt preg på alle dei tre fylka. Kyststripa i Midt-Noreg var eit område der svikten i sildefisket ramma særhardt. Framleis kan ein sjå spor av fortidas sildeindustri mange stader. Det er i nett desse miljøa at framsyninga *Helg* skal visast.

Utdrag frå framsyninga:

MARGIT

Stampen er klar.

BJØRN

Er det no så nødvendig å vaske seg da?

MARGIT

Du ha da vel ikkje tenkt å ligge rund i natt, du ha jo vore på sjøen i tre måna`.

BJØRN

Eg tok da badstu` på Veidholmen.

MARGIT

Og når var det?

BJØRN

Det er vel ei veka sia?

MARGIT

Ei veka?

BJØRN

To veka, kanskje... Tre. .. Jaja, det er no ikkje så mykje over ein månad sia iallfall.

MARGIT

Du sat vel fryktelig lenge i badstua og da, kan eg tenke meg.

BJØRN

Skulle gjera det ja, men så var det da ein helvettes finnmarking som sat der og skvetta vatn på omn heile tida. Jaså, går di guta, fer heile selskapet, glisa han da vi ikkje klarte å sitte der lenger.

MARGIT

Av med buksa!

BJØRN

Det er farlig å vaske seg midt i sesongen. Hugsar du han Reinert. Det året vi var på Lofoten? Da vi låg i Stamsund gjekk han på Folkebadet, vaska seg så det skein tå`n. Dagen etterpå vart han forkjølt. Da vi gjekk ut på feltet heldt han på å fryse i hel, så fekk han lungebrann – og det – vart dauden hans, det.

MARGIT

Søyrkaill!

BJØRN

Greitt, eg flir meg. Men blir eg forkjølt no - er det di skyld.

Neste gong eg gjer eit varp, ska det investeras i dusj! - Besett som undertyet klør.

MARGIT

Det går-seg-til.

BJØRN

Går-sæ-te? Syns som eg kjenner det.

MARGIT

Slutt og klø så blir det bra.

BJØRN

Klø meg på ryggen. Jøss, ha musa vore i brylkremtuben?

MARGIT

Benjamin begynner å få sveis han og no.

BJØRN

Jaja, guten veks, du ska sjå han kjem med svigerdotter snart.

MARGIT

Eg skal ta realskoleeksamen no, så eg må berre stå på å jobbe i helga.

BJØRN

Stal eg ikkje sjølv brylkrem for å få sveisen te å legge da eg var i den alderen?

Nei – den alderen har eg glømt.

MARGIT

Kan jo komme godt med at eg og tek utdanning no.

BJØRN

Gjømt e glømt. - Kva sa du?

MARGIT

Eg skal ta Eksamens. Må hjelpe til eg og, så vi klarer oss gjennom knipa.

BJØRN

Knipa? Kva slags knipe er det du snakkar om?

MARGIT

Silda. Det er mange som har gitt opp alt, flytta til by'n.

BJØRN

Flytta til by'n? Det gjer dem som ikkje skjønner at det går opp og ned med silda, sånn er det med alt fiske.

MARGIT

Han Benjamin fer no til by`n neste år han og.

BJØRN

Han kjem heim i helgen`.

MARIT

Får håpe det.

BJØRN

Han kjem.

Der kjem han Benjamin.

Det er storm inni meg da eg ser han - nei orkan, som ikkje heilt veit om han skal piske nedåt bølgjene eller løfte havet til himmels:

Spørsmål som kan danne utgangspunkt for diskusjon:

- Kva for nokon nye næringar har tatt over for silda i Noreg i dag?
- Kvifor likar ikkje Bjørn at Margit tar utdanning?
- Kva drømmar Bjørn om at Benjamin skal gjere når han blir vaksen?
- Kva trur du Benjamin drømmar om å gjere når han blir vaksen?